

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 20.12.2013, kl. 09:00 – 13:30

Stad: Nes kommune, møterom Helse- og servicesenteret

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune (deltok ikkje i sak 50 og 51)
Tor Egil Buøen,	Flå kommune
– Knut Arne Gurigard	møtte som dagleg leiar
– Frå Buskerud fylkeskommune	møtte fylkeskontakt Anne Sandum og regionkontakt Tore Gilhuus.
– Rådmannsutvalet	deltok i sak 51, 52, 53

SAK 50/13 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.11.2013

Vedtak

Møteprotokoll for møte 29.11.2013 vart vedteke.

SAK 51/13 VERTSKOMMUNE - HUSLEIGE

Vedtak

1. Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnadene ved eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal, ligg som utgangspunkt fast.
2. For eksisterande samarbeidstiltak som skal ha ei desentralisert løysing, skal det vurderast nødvendig areal i vertskommune og i dei andre deltagande kommunane, med tanke på å få funksjonelle og kostnadseffektive løysingar.
3. Standard husleigekostnadene ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal skal som utgangspunkt kostast av vertskommunen. Det skal ved etablering av nye samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadene skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanståande prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde.

Felleskostnadene skal fordelast etter fastsatt fordelingsnøkkelen.

SAK 52/13 UTVIKLING AV KARRIERESENTRA I BUSKERUD

Kjersti Dovland, prosjektleiar for utvikling karrieresentra i Buskerud, orienterte om arbeidet (eigen presentasjon vedlagt). Målsettinga er med karrieresentra er å gi tilbod om karriererettleiling til den vaksne delen av befolkninga og gi rettleiling til ungdom som ikkje er i skula. Karrieresentra saman med aktuelle samarbeidspartar er tenkt at skal kunne koordinere, samordne og samarbeide på tvers av utdanningsnivåa og mellom utdanning og arbeidsliv. Buskerud fylkeskommune og NAV Buskerud ynskjer å samarbeid for å utvikle eit godt tilbod innan karriererettleiling for innbyggjarane i Buskerud

Regionrådet for Hallingdal vart utfordra på om utvikling av karrieresenter i Hallingdal var interessant noko det vart gjeve positive attendemeldingar på. I arbeidsgruppe for Hallingdal er det ynskjeleg at det er med representantar frå Regionrådet og rådmannsutvalet.

SAK 53/13 REGIONALE IDRETSANLEGG**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til at det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå:
 - a. Regionrådet for Hallingdal, Tony Kjøl
 - b. Idrettsråda i Hallingdal
 - c. Buskerud idrettskrets

Dagleg leiar er sekretær for arbeidsgruppa.
2. Arbeidsgruppa får i oppdrag å:
 - a. kartlegge idrettsanlegg som finnes i Hallingdal i dag og koma med forslag om det er nokon av desse anlegga som eventuelt bør vidareutviklast og ha "regionstatus".
 - b. vurdere nye regionale idrettsanlegg
 - c. vurdere utvikling av idrettsanlegg i samarbeid med reiselivsnæringa
3. Regionrådet for Hallingdal ber om at arbeidet blir gjennomført innan 1.6.2014.
4. Regionrådet for Hallingdal set av kr. 50.000 til arbeidet. Midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.

SAK 54/13 PROFILERING HALLINGDAL, GJENNOMFØRING**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 250.000 til fyrste fase av å implementere Hallingdal sin nye profil. Midlane blir løyvd frå regionalt næringsfond.

SAK 55/13 REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL – MEDLEMSKAP I LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR (LNK)**Vedtak 5 mot 1 røyst**

Regionrådet for Hallingdal skal søke om medlemskap i Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

SAK 56/13 EVENTUELTT**Innkjøpssamarbeid**

Med bakgrunn i sak 33/13 og drøftingar i regionrådet skal det førebuast ei sak om innkjøpssamarbeid.

Å1 21.12.2013

for rådsordførar
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 52/13